



Tokke kommune
Næringsavdelinga

Jaktlaga i Tokke

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2008/204-2 Sverre Bakke,35075242 K46 04.03.2008
sverre.bakke@tokke.kommune.no

Målsetning for elgforvaltning i Tokke 2008-2011

Tokke kommune sender med dette målsetning for elgforvaltninga i kommunen ut på høring til elgjaktlaga i kommunen.

Dei som har innspel til dette må sende dei til Tokke kommune, Næringsavd. 3880 Dalen innan 25.mars 2008.

Med helsing

Sverre Bakke
Skogbrukssjef



Tokke kommune

Arkiv:
 Saksnr.: 2008/204-1
 Saksbeh.: Sverre Bakke
 Direkte tlf.: 35075242
 Dato: 30.01.2008

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, Miljø og Utmark	08/8	14.02.2008

Målsetning for elgforvaltning i Tokke 2008-2011

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Målsetning for elgforvaltning i Tokke 2006-2009

Saksutgreiing:

Kommunen laga eit dokument for målsetning for elgforvaltninga frå 2006-2009. Dette er botnplanken i vår forvaltning av elgstamma i Tokke.

Vi hadde trong for dette dokumentet den gongen det vart laga og hadde ikkje tid til å sende det ut til høyring.

Vi trur likevel at det er rett å sende det ut på høyring. **I det ligg det ikkje at vi opnar for ein ny debatt på grunnleggande forvaltningsprinsipp**, men det ligg at vi kan få inn nye moment som viltnemnda den gong mogleg ikkje fekk med.

Vurderingar:

Grunnen til at dette dokumentet er viktig er at dette er grunnlaget for den vurderinga kommunen skal gjera når ein får inn søknader i elgforvaltninga som skal godkjennast etter § 14. Det er her ein eventuell grunngeving ligg for avslag. På den andre sida er det her skrankane ligg for dei som lagar bestandsplanar.

Rådmannen si tilråding:

LMU vedtek å sende på høyring dei målsetningane for elgforvaltning ein laga i 2006.

LMU opnar her ikkje for ein totalt ny forvaltning. Ein opnar for ein vidareutvikling av det dokumentet ein har i dag.

Saksprotokoll i Landbruk, Miljø og Utmark - 14.02.2008

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

LMU vedtek å sende på høyring dei målsetningane for elgforvaltning ein laga i 2006. LMU opnar her ikkje for ein totalt ny forvaltning. Ein opnar for ein vidareutvikling av det dokumentet ein har i dag.



MÅLSETNINGAR FOR ELGFORVALTNINGA I TOKKE KOMMUNE

2006-2009

Bakgrunn.

Formålsparagrafen i viltloven er:

”Viltet og viltets leveområde skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæringen og friluftsliv”.

Denne paragrafen dannar bakgrunnen for forvaltning av alt vilt, også elg.

Situasjonen i dag.

Alle data frå sett elg viser at vi har hatt ei stor elgstamme som i 2002 kulminera.

Beiteregistreringar i fleire delar av kommunen viser at beite er nedbeita. Så langt kan ein ikkje seia at dette har gått vesentleg ut over vektene. Vi har framleis gode vekter på dyra og spesielt på kalvane, men trenden er negativ.

I Tokke har vi hatt som filosofi at vi skyt hardt på kalv og ungdyr. Vi skyt 40 % kalv og vi sparer vaksne kyr. Her skyt vi 16-17 % , mens vi ser andre skyt 25 %.

Tanken er at vi heile tida skal ha produksjonsapparatet i orden . Dette i tilfelle vi gjer noko galt. Då kan vi ”sleppe opp ” , skyte lite kalv og få opp stamma.

I dei siste åra har vi vore meir merksame på dette med å taka vare på store oksar og stor kyr. Dette er fordi dei er verdfulle i det å avle fram ei god og vekstkraftig stamme over tid. Vi har vore opptekjen av å skyte små dyr. Dette fordi dei har dårlege arveeigenskapar og fordi det er eit enkelt kriteriet når så mange skal gjera eit utval.

Ynskt situasjon.

Den optimale stamma bør bestande av flest mogelege produktive dyr og ha ein optimal produksjon .

Stamma bør vera av ein slik storleik at skaden i form av beiteskader og problem i høve til trafikken er til å leva med.

Føresetnader for ei optimal stamme:

- **Tilstrekkeleg med kyr og oksar med gode gener**
- **Nok beite**

Dersom vi lukkast med dette vil det gjeva ei stamme med

- **God helse**
- **God produktivitet**

Strategi .

- **Halde fram med ein forsiktig avskyting av store kyr og oksar**
- **Skyte 40 % kalv**
- **Skyte små dyr**
- **Nytte sett elg med vektor av skote dyr**
- **Vi trur at ei stamme der sett pr. dv. ligg mellom 0,4-0,5 er ei nokolunde rett nivå på storleiken av stamma**

KOMMUNEN SI MÅLSETNING.

Hovudmål.

Hovudmålet for elgforvaltninga er å ha ei sunn og produktiv elgstamme. Storleiken på stamma skal vera slik at beiteskader og trafikkskader er avgrensa.

Delmål.

- **Halde elgstamma på eit nivå tilsvarande om lag 0,4-0,5 på sett elg pr. dv.**
- **Taka vare på store kyr og oksar**
- **Skyte 40 % kalv**
- **Halde vektene eller auke vektene på kalv**
- **Halde eller helst auke kalveproduksjonen og raten for tvillingkalvar**
- **Føre oppsyn med beite**
- **Arbeide for at kyr /okse forholdet vert lågare**

Denne er vedteke i viltnemnda 20.02.06

Dalen 24.01.2006



Sverre Bakke
skogbrukssjef